



Saksmappe: 2025/382  
Sakshandsamar: MAN  
Dato: 28.08.2025

## SAKSFRAMLEGG

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
	Planutval	

### Forskrift om gebyr etter plan- og bygningslova, eigarseksjonslova og matrikkellova – Bykle kommune

#### Kommunedirektøren innstilling:

Forskrift om gebyr for plan-, byggjesaker, oppmåling og seksjonering – Bykle kommune vert sendt på høyring i samsvar med forvaltningslova kapittel VII, og vert lagt fram for kommunestyret for endeleg vedtak etter høyringa.

#### Bakgrunn for saka

Kommunen kan berre krevje gebyr for sakshandsaming dersom det ligg føre heimel i lov og lokal forskrift. Etter plan- og bygningslova § 33-1, matrikkellova § 32 og eigarseksjonslova § 15 kan kommunen fastsetje gebyr for arbeid og tenester som følgjer av lovene. Lovene presiserer at gebyret ikkje kan overstige kommunen sine nødvendige kostnader, og at det skal fastsetjast i lokal forskrift vedteken av kommunestyret.

Bykle kommune har til no berre hatt gebyrliste vedtekne årleg, men ikkje eiga forskrift. Dette gir ikkje eit tilstrekkeleg rettsleg grunnlag for innkrevjing av gebyr. For å vere i samsvar med lovverket og sikre rettstryggleik for innbyggjarane er det difor nødvendig å vedta forskrift.

Forskrifta skal vere eit overordna rammeverk som regulerer:

- kva sakstypar som kan gebyrleggjast.
- korleis gebyr skal reknast ut.
- når gebyr kan krevjast heilt eller delvis.
- reglar om reduksjon, refusjon og klage.
- samt særskilde reglar for ulovlege tiltak og tilsyn.

Dei konkrete satsane i kroner vert fastsette i ei eiga gebyrliste som kommunestyret vedtek årleg i samband med budsjettbehandlinga.

Heile ordninga byggjer på sjølvkostprinsippet i kommunelova og forskrift om berekning av sjølvkost for kommunale tenester. Dette inneber at gebyra ikkje kan vere høgare enn dei reelle kostnadene kommunen har, og at eventuelle overskot eller underskot skal førast mot sjølvkostfondet.

For byggjesaker er berekningsgrunnlaget i tillegg nærare omtala i rettleiar for berekning av sjølvkost og gebyrforskrift i byggesaker frå Kommunal- og distriktsdepartementet (KKD). Rettleiarar frå Kartverket og KDD understrekar og kommunen si plikt til å vedta lokale forskrifter for gebyr innanfor matrikkel- og seksjoneringsområdet.

Ei lokal forskrift vil sikre:

- lovmessig heimel for gebyrinnkreving.
- føreseielegheit og rettferdig behandling av innbyggjarar og tiltakshavarar.
- samsvar med nasjonale krav til sjølvkost, og
- eit ryddig skilje mellom forskrift (rammer og reglar) og gebyrliste (konkrete satsar).

## Saksopplysningar

Forskrifta om gebyr for plan- og byggesaker, oppmåling og seksjonering – Bykle kommune, er utarbeidd for å sikre heimel for gebyrinnkreving etter plan- og bygningslova § 33-1, matrikkellova § 32 og eigarseksjonslova § 15. Kommunen har tidlegare berre hatt årlege gebyrlistar, men ikkje eiga forskrift.

Forskrifta er strukturert i fire kapittel:

**Kapittel 1 – Generelle føresegner:** Regulerer formål, heimel, betalingsplikt, tidspunkt for fakturering, sjølvkostprinsippet, klagerett, reduksjon, prisjustering, samt reglar om avbrotne saker og tillegg for komplekse saker.

**Kapittel 2 – Private planforslag:** Omfattar gebyr for private detaljreguleringar og planendringar. Inneheld reglar om fakturering i fleire trinn, kostnader ved annonsering, gebyr for oppstartsmøte, tillegg og fradrag, mangelfulle planforslag og reduksjon av gebyr.

**Kapittel 3 – Byggje- og dispensasjonssaker:** Omfattar gebyr for søknadspliktige tiltak, dispensasjonar og førehandskonferansar. Det er egne reglar for kombinerte søknader og for tilsyn. Dispensasjonssaker vert handsama politisk, og gebyret er differensiert etter kompleksitet.

**Kapittel 4 – Oppmåling og matrikkel:** Regulerer gebyr for oppmålingsforretningar, grensejustering, arealoverføring, seksjonering, klarlegging av grenser og matrikkelføring utan full oppmålingsforretning. Det er også reglar for avbrotne saker og heimel i matrikkellova § 32.

Forskrifta byggjer på sjølvkostprinsippet etter kommunelova kapittel 13. Ho fastset dei overordna reglane for gebyrordninga, og vil gjelde fram til ho vert erstatta eller oppheva ved nytt vedtak i kommunestyret.

Dei konkrete satsane i kroner og øre går ikkje fram av forskrifta, men vert fastsette i den årlege gebyrlista som kommunestyret vedtek i samband med budsjettbehandlinga. Gebyrlista er dermed eit variabelt dokument som kan endrast frå år til år i tråd med sjølvkostberekningar, prisvekst og kommunen sine prioriteringar.

Dette systemet gjer at forskrifta fungerer som eit stabilt og føreseieleg rammeverk, medan gebyrlista gir kommunen nødvendig fleksibilitet til å tilpasse satsane årleg.

## Vurdering

Bykle Forslaget til forskrift gjev Bykle kommune eit klart og lovleg heimelsgrunnlag for å krevje gebyr etter plan- og bygningslova, matrikkellova og eigarseksjonslova. Kommunen har fram til no berre hatt årlege gebyrlistar, men utan ei eiga forskrift er ikkje dette tilstrekkeleg for innkreving av gebyr.

Forskrifta byggjer på sjølvkostprinsippet, jf. kommunelova kapittel 15, og vil bidra til å sikre føreseielegheit, rettferd og likebehandling for brukarane. Ho etablerer tydelege reglar for faktureringsstidspunkt, avbrotne saker, tillegg for komplekse saker, samt reduksjon ved mangelfull dokumentasjon.

Ved å skilje mellom forskrifta (som fastset dei overordna reglane og vert ståande fast over tid) og gebyrlista (som vert vedteken årleg og kan justerast etter sjølvkostberekningar og budsjett) får kommunen eit system som både er stabilt og fleksibelt.

Forskrifta legg og til rette for politisk kontroll ved behandling av dispensasjonssaker, og regulerer gebyrdifferensiering ut frå kompleksitet. Ho er dermed i tråd med både lovverk, rettleingar frå departementet og praksis i andre kommunar.

### **Konklusjon**

Bykle kommune har behov for å vedta ei eiga gebyrforskrift for plan- og byggjesaker, oppmåling og seksjonering. Forskrifta vil sikre rettsleg heimel, samsvar med sjølvkostprinsippet og eit ryddig system for gebyrfastsetjing.

Kommunedirektøren tilrår at forskrifta vert sendt på høyring i samsvar med forvaltningslova § 37, med høyringsfrist på minst tre veker. Etter at innkomne merknader er behandla, vert saka lagt fram for kommunestyret for endeleg vedtak.

Bykle,

Kommunedirektør

### **Vedlegg:**

Forskriftsutkast  
Gebyrliste